



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/4149 - 16/13036

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
13.05.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/188 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad om oppføring av 6-mannsbustad på gbnr 137/188, 25.04.2016.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Universell utforming

Reguleringsplanen set krav til universell utforming. Mellom anna skal minst 50 % av bustadeiningane i B1 og B2 skal ha universell utforming. Universell utforming skal dokumenterast ved søknad om byggjeløyve. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt slik dokumentasjon.

### Radon

Det er i punkt 2.2.3 sett krav om radonverdiar. Ved innsending av byggesøknad skal dette domumenterast og eventuelle tiltak skal gjerast greie for. Vi kan ikkje sjå at dette er dokumentert.

### Anna

I samband med mottatt søknad om opparbeiding av infrastruktur på eigedomen har kommunen sendt ut skriv med trong for tilleggsdokumentasjon, jf. skriv datert 11.05.2016. Vi gjer særleg merksam på kommunen sine merknader knytt til VA-rammeplan, punkt 1.5.2 i føresegnene, og masseutskriftning og geotekniske undersøkingar, punkt 1.4.6 og 1.4.7. VA-rammeplan må liggja føre og forhold knytt til masseutskifting må vera avklart før det vert gitt løyve til nye tiltak på eigedomen.

### **Fristar**



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.06.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN